

Etterlyser bilete av kulturarven vår

I heile september kan fotografar på alle nivå og aldrar sende inn bilete frå Noreg og Sápmi og vinne flotte premiar. «Fotokonkurransen Kulturarv 2023 bidrar til å demokratisere arbeidet med kulturarven vår og sikre breidda i det som blir dokumentert», seier jurymedlem Sigrun Espe.

Pressemelding frå Wikimedia Noreg, wikimedia.no, 23.09.2023.



Tørking på hjell i Henningsvær. Foto: Gerd Eichmann, CC BY-SA 4.0. [LAST NED](#)

Bryggjepålar ved Jøvik handelsstad i Troms. Foto: Siri Uldal, CC BY-SA 4.0. [LAST NED](#)

Fotokonkurransen i jubileumsår

Når kulturarven formidlast gjennom fotografi, blir den lett forståeleg og tilgjengeleg for mange. Bileta som blir sende inn til konkurransen, kan takast i bruk på Wikipedia og i annan kunnskapsformidling. Tidlegare har konkurransen vore avgrensa til fysiske kulturminne og -miljø, men i år er det også mogleg å sende inn bilete av den levande kulturarven.

- Dei fysiske kulturminna kan vere svært tydelege og merkbare, som ei kyrkje eller eit anna bygg, eller meir skjulte, som arkeologiske spor etter busetnad eller jakt, fortel Sigrun Espe, som er jurymedlem i konkurransen.

- Men så har vi også alt det andre som har prega samfunnet, som ikkje set fysiske spor på same måte. Vi har til dømes musikken, forteljingane, leikane og mattradisjonane som overførast frå generasjon til generasjon.

Konkurransen er eit samarbeid mellom Wikimedia Noreg, Kulturdirektoratet og Kulturvernforbundet. Saman feirar dei at det er 20 år sidan den internasjonale UNESCO-konvensjonen om vern av levande kulturarv vart ratifisert. Levande kulturarv er handlingsboren kunnskap, i tillegg til tradisjonar og praksisar som blir overført mellom menneske og generasjonar.

God formidling er avgjerande

I det daglege er Sigrun Espe fagleiar for arkiv i Vestland fylkeskommune, men på fritida er ho skribent på nynorsk-Wikipedia. Ho veit kor viktig det er å ha gode illustrasjonar i leksikonartiklane.

- Eg gler meg til å oppdage mange nye skattar i juryarbeidet og håper å bli imponert, begeistra og overraska. Vinnarbileta skal sjølvstøtt vere objektivt gode, men formidlingseffekten og fremjing av kulturarven vår blir også svært viktig for juryen, avsluttar Espe.

[Les meir om fotokonkurransen Kulturarv 2023.](#)

Kontakt

Sigrun Espe
Jurymedlem
Tlf. 99 04 46 66
sigrun@wikimedia.no

Spørsmål om Wikimedia Noreg rettes til
Elisabeth Carrera
Dagleg leiar
Tlf. 48 92 48 92
elisabeth@wikimedia.no

Pressebilete

Alle bilete kan tas i bruk fritt mot kreditering.



Slettebakken kyrkje i Bergen er eit listeført kulturminne. Foto: Diego Delso.
CC BY-SA 4.0. [LAST NED](#)



Er spelestilen i den norske svartmetallen del av kulturarven vår? Her ved bandet Immortal. Foto: Rockman på Wikimedia Commons.
CC BY 3.0. [LAST NED](#)



Brodering av bunad frå Vest-Telemark. Foto: Konkurransedeltakar med brukarnamn VALive.
CC BY-SA 4.0. [LAST NED](#)



Sigrun Espe er jurymedlem i fotokonkurransen Kulturarv 2023.
Foto: Aleksandar N. Zecevic.
CC BY-SA 4.0. [LAST NED](#)



Wikimedia Noreg er ein frivillig organisasjon som gjer kunnskap fritt tilgjengeleg for alle ved å støtte bidragsytarar på Wikipedia og andre Wikimedia-prosjekt. Vi samarbeider med institusjonar og foreiningar, og vi tilbyr kurs. Saman styrker vi kunnskapsmangfaldet på bokmål, nynorsk og nordsamisk. [Les om oss.](#)